



Arkivnr: 2015/2163-43  
Saksbehandlar: Stein Ottosen, Roald Landøy

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		13.04.2016

## Statsbudsjettet 2016 kap 1429 post 71 - Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap i Hordaland

### Samandrag

Saka gjeld fordelinga av midlar frå Statsbudsjettet 2016, kap. 1429, post 71 til tiltak i Hordaland. Hordaland fylkeskommune ser midlane som eit viktig verktøy for å gjennomføre den regionale kulturminnepolitikken. Ordninga i 2016 vart lyst ut av Hordaland fylkeskommune som søkte Riksantikvaren om midlar frå Klima- og Miljøverndepartementet til vidare deling i Hordaland. I 2016 fekk Hordaland fylkeskommune ei tildeling på kr 6.500.000,- til post 71. I tillegg vert det gitt førehandstilsegn for 2017 på kr 3.000.000,-. Medan førehandstilsegnet er det same beløpet som ved tildelinga i fjor, er den ordinære tildeling kr 1.500.000,- mindre enn tildelinga i fjor, då Hordaland fekk 8 000 000,-. Dette utgjer ein prosentvis nedgang på 17.75 i ordinære midlar.

I tillegg til den ordinære tildeling vert det også fordelt midlar som er omdisponert og rentemidlar for 2015.

Post 71 *Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap* omfattar vern og sikring av freda bygningar i privat eige, kystkultur og kulturlandskap. Tilskotsmidlar frå post 71 skal i hovudsak gå til *Bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige*.

Det er ein føresetnad at dei bygningane som får midlar er registrerte i databasen Askeladden, og at tilstandsgraden til bygningane vert lagt inn i databasen **før** arbeidet tek til.

Ordinær løyving for 2016 er kr 6.500.000,-. Omdisponert frå tidlegare år er kr 1.731.643,- medan renter frå inneståande midlar er kr 210.897,-, til deling kr 8.442.540,-. I tillegg vert det løyvd førehandstilsegn på kr 3.000.000,- for 2017. Samla løyving ved denne tildeling vert med dette kr 11.442.540,-.

Tilsagnsbrevet gir HFK løyve til å sette av opp til 15% til prosjektmidlar. Det er sett av kr 700.000,- til dette. Denne posten vert nytta til ymse føremål. I år vert den nytta til datering, informasjon om bygningane som får midlar m.m. I tillegg er det sett av kr 372 540,- til strakstiltak knytt opp mot skadar v/brann, storm m.m.

### Forslag til vedtak

- 1 Kultur- og ressursutvalet fordeler kr. til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap frå budsjettpost 400.650.07 slik:

Nr	Kommune	Tiltakshavar	Tilsegn 2016	Førehands tils.2017
1	Bergen	Sophies Minde Anne-Magrethe Konow Lund	40 000	
2	Bergen	Kronstad hovedgård Stiftelsen krigsvet. Minne	600 000	500 000
3	Bergen	Reperbane Fjøsanger Gerdt Meyer Brun AS	600 000	500 000
4	Bergen	Kjøttbasaren Byens Basar AS	200 000	
5	Bergen	Bergen Barneasyl Stiftelsen seminarum Fredrikum	100 000	
6	Bergen	Espeland fangeleir 02 Brakke - fengselseller	300 000	
7	Bergen	Espeland fangeleir 05 Administrasjonsbrakke	100 000	
8	Bergen	Espeland fangeleir 02 Brakke - fengselseller	0	
9	Bergen	Espeland fangeleir 18 Pumpehus	0	
10	Bergen	Espeland fangeleir 09 og 10 Messe / kjøkkenbygg	0	
11	Bergen	Espeland fangeleir 02 Brakke - fengselseller og 05 Administrasjonsbrakke	0	
12	Bergen	Slettebakken hovedgård Eiut AS	350 000	
13	Bergen	Christinegård Hovedhuset Karina Herteig	350 000	400 000
14	Bergen	Christinegård Portnerbustaden Karina Herteig	0	
15	Bergen	Christinegård Driftsbygningen Karina Herteig	200 000	200 000
16	Bergen	Meisterhuset, Sandviken Sandviksveien 60 og 62	500 000	350 000
17	Bergen	Tjærehuset I Sandviken Sandviksveien 60 og 62	0	
18	Bergen	Hellandshuset	250 000	100 000
19	Fusa	Holdus kirke Fortidsminneforeningen	0	
20	Fusa	Doktor/Prestegard Yngve Kartveit	200 000	100 000
21	Granvin	Yståstunet Masstove Aslaug Jorun Nestås	200 000	
22	Granvin	Yståstunet Glasstove Aslaug Jorun Nestås	30 000	
23	Kvinnherad	Eldre naust Stig Fredheim	300 000	200 000
24	Kvinnherad	Fjellberg Prestegard Stiftelsen Fjellberg prestegard	100 000	
25	Lindås	Lyngheisenteret Museumssenteret I Hordaland	600 000	
26	Odda	Smie I Odda Norsk vasskraft og industristadm.	200 000	
27	Osterøy	Smålandsløa Kåre Havre	40 000	
28	Osterøy	Litlaløa åt Olsane Geir Sundal	110 000	
29	Osterøy	Fellestjenester Geir Sundal	100 000	
30	Osterøy	Fellestjenester Museumssenteret I Hordaland	1 500 000	
31	Osterøy	Museumssenteret I Hordaland (felles veg)	0	
32	Ullensvang	Fedratun (Bustadhus i Agatunet) Dordi Skarpnes	150 000	
33	Vaksdal	Toskedalsstova Arnt Rune Trohjell	250 000	350 000
34	Voss	Rekve Mylne Bjarte Nygaard	0	
	HFK	Prosjektmidlar	700 000	
	HFK	Strakstiltak ( brann, storm m.m.)	372 540	
		Udisponert strakstiltak 2017		300 000
		<b>Sum</b>	<b>8 442 540</b>	<b>3 000 000</b>

2. Dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadene for tildelinga, gjev Utval for kultur, idrett og regional utvikling administrasjonen høve til å omfordele midlane til eit anna av dei omsøkte tiltaka.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling gjev fylkesrådmannen løyve til å fordele midlar til strakstiltak på kr 372.450,-.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ronny B. Skaar  
fung. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:

1. Omtale av søknadene
2. Tildelingsbrev med retningslinjer frå Riksantikvaren, dagsett 10.02.2016

**Fylkesrådmannen, 30.03.2016**

Saka gjeld fordelinga av midlar frå Statsbudsjettet 2016, kap. 1429, post 71 til tiltak i Hordaland. Hordaland fylkeskommune ser midlane som eit viktig verktøy for å gjennomføre den regionale kulturminnepolitikken. Ordninga i 2015 vart lyst ut av Hordaland fylkeskommune som søkte Riksantikvaren om midlar frå Klima- og Miljøverndepartementet til vidare deling i Hordaland. I 2016 fekk Hordaland fylkeskommune ei tildeling på kr 6.500.000,- til post 71. I tillegg vert det gitt førehandstilsegn for 2017 på kr 3.000.000,-. Medan førehandstilsegnet er det same beløpet som ved tildelinga i fjor, er den ordinære tildelinga kr 1.500.000,- mindre enn tildelinga i fjor, då Hordaland fekk 8.000.000,-. Dette utgjer ein nedgang på 17.75% i ordinære midlar.

Post 71 *Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap* omfattar vern og sikring av freda bygningar i privat eige, kystkultur og kulturlandskap. Tilskotsmidlar frå post 71 skal i hovudsak gå til *Bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige*.

Det er ein føresetnad at dei bygningane som får midlar er registrerte i databasen Askeladden, og at tilstandsgraden til bygningane vert lagt inn i databasen **før** arbeidet tek til.

Ordinær løyving for 2016 er kr 6.500.000,-. Omdisponert frå tidlegare år er kr 1.731.643,- medan renter frå inneståande midlar er kr 210.897,- til deling kr 8.442.540,-. I tillegg vert det løyvd førehandstilsegn på kr 3.000.000,- for 2017. Samla løyving ved denne tildelinga vert med dette kr 11.442.540,-.

Tilsegnsbrevet gir Hordaland fylkeskommune høve til å setje av 10-15% til prosjektleiing. Det er sett av kr 700.000,- til dette, noko som utgjer 7,4% av det samla tildelte beløpet for 2016. Beløpet til deling utgjer 41,8% av den totale søknadsummen på kr 27.356.037,- og 23,9% av dei totale kostnadene på kr 47.866.517,-.

Det er kome inn 34 søknader. Det er kr 11.442.540,- til deling, noko som utgjer 31% av den totale søknadsummen. 9 søknader får ikkje midlar, medan 25 søknader vert innvilga. Årsaka til nedgangen i søknadsmengda er ei kombinasjon at det i fjor var mange søknader til bygningar på Havråtunet. I tillegg vert søknader om brannsikring frå 2016, post 73, sendt direkte til Riksantikvaren.

**Omdisponerte midlar**

	Frå tiltak	Beløp
Omdisponert frå 2012	Ystås, glastove	2.500
Omdisponert frå 2013	Thomas Erichsens Minde	150.000
Prosjektleiingsmidlar 2014	HFK	424.143
Midler strakstiltak 2014	HFK	600.000
Prosjektmidlar 2015	HFK	555.000
Rentemidler	HFK	210.897
Sum omdisponert- og rentemidler		1.942.540

**Til disposisjon**

Omdisponerte midlar	1.942.540
Ordinær løyving	6.500.000
Sum midlar 2016	8.442.540
Førehandstilsegn 2017	3.000.000
Sum til disposisjon	11.442.540

**Oversikt over korleis midlane vert fordelte**

Tilskot	Tilskot 2016	Førehandstilsegn 2017
Ordinære løyvingar	7.370.000	2.700.000
Prosjektmidlar HFK	700.000	
Strakstiltak	372.540	
Fordelast		300.000

seinare		
Sum	8.442.540	3.000.000

### Bakgrunn:

Statlege midlar frå kapittel 1429 i statsbudsjettet har i mange år vore eit viktig verkemiddel andsynes private eigarar av faste kulturminne i Hordaland og gjeve rammer for mange gode tiltak. Riksantikvaren har ved fleire høve streka under at fylkeskommunane har eit sjølvstendig ansvar for å sikre løyvingar til kulturminnetiltak. Dersom ein ser situasjonen samla er det likevel trong for meir pengar enn det me har rådd over i interne budsjett.

Hordaland fylkeskommune søker kvart år Riksantikvaren om midlar til freda kulturminne.

Kultur- og idrettsavdelinga administrerer første del av prosessen og mottok søknadar frå eigarar av freda bygg og anlegg. På bakgrunn av søknadene som Kultur- og idrettsavdelinga mottok vert det utarbeidd ei liste over søknadene som vert oversendt til Riksantikvaren ved slutten av kvart år. I februar/mars mottok fylkeskommunen eit tilsegnsbrev frå Riksantikvaren. I tilsegnsbrevet frem går det kva som er øyremerkte midlar og kva som kan disponerast fritt innafor ei ramme.

### Statlege mål og føringar

Nasjonale resultatmål for kulturminne skal mellom anna nåast gjennom ti bevaringsprogram: freda kulturminne i privat eige, samiske kulturminne, stavkyrkjene, verdsarven, tekniske og industrielle kulturminne, brannsikring av historiske trebygningar, fartøy, ruinar, bergkunst og utvalde arkeologiske kulturminne. Hordaland fylkeskommune har arbeidd målretta fram mot igangsetjing og gjennomføring av istandsettingsprogrammet for freda bygningar i privat eige. Tilstandsregistrering er gjennomført og ein har eit godt oversyn over behova og vidare prioriteringar av prosjekt. Programmet skal vera avslutta innan 2020.

### Generelt om tilskot til kulturminne frå post 71

Tilskotsmidlar frå 71 skal primært nyttast til tiltak på freda bygningar og anlegg som er i privat eige, og som er prioritert av fylkeskommunen sjølv. Bygningar som skal få tilskot, må gjevast ein tilstandsgrad og leggjast inn i Askeladden. Offentleg eigde kulturminne og museumssamlingar er som hovudregel ikkje tilskotsverdige, unntaket gjeld museumsbygningar som er freda og som ikkje er flytta til museumsområdet, som tid dømes nokre av bygningane på Bymuseet i Bergen, Gamle Bergen Museum.

### Midlar til kystkultur

Det har skjedd ei endring i år i føringane frå RA når det gjeld tilskot til kystkulturminne. Medan det frå tidleg på 2000-talet blei innskjerpa at kystkultur nesten utan unntak måtte vere freda for å vere «søknadsverdige», vert det no opna for ei meir romsleg tolking av dette kravet. Det vert ikkje lenger stilt krav til at kulturminne knytt til kystkultur må vere freda for å verte søknadsverdige. Dette vart gjort kjend etter at søknadsfristen var gått ut, og får ingen verknad for årets handsaming av søknadene.

### Tiltak i landskapet

Riksantikvaren har tidlegare øymerka fleire tilskot til tiltak i landskapet. For 2015 vert det opp til Hordaland å fordele desse midlane. Vi har i tildelinga foreslått å løyve kr. 1.500.000 til Havråtunet. Dette er ei nedgang frå i fjor, men vi har opna for at nokre av midlane som er sett av til prosjektleiing kan nyttast til skjøtselstiltak på Havrå. For Lyngheiserteret er det foreslått ei auke frå kr 570.000,- til kr 600.000,-.

### Riksantikvaren

Hordaland fylkeskommune mottok den 17. februar 2016 tilsagnsbrevet frå Riksantikvaren. Med brevet følgde det nye retningslinjer for post 71. Riksantikvaren ba om at disse retningslinjene vart nytta ved utsending av akseptskjema. I brevet står det:

«Hovedformålet for kulturminneforvaltningen er å hindre tap av kulturminner og kulturmiljø, og ta vare på kulturminnene som bruksressurser og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Midlene under post 71 er relaterte til nasjonalt mål om at fredete bygninger, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikeholdsnivå innen 2020. Vi viser også til KLDs tildelingsbrev til Riksantikvaren 2016, lenke ligger på <http://www.riksantikvaren.no/Aktuelt>.

I fordelingen av midler til fylkeskommunene har Riksantikvaren vurdert søknadene på bakgrunn av kriteriene som er beskrevet i vedlegg 3 «Kriterier for Riksantikvarens tildeling og føringar for fylkeskommunenes tilskuddsbehandling post 71». Blant annet har vi lagt vekt på oppfølging av tilstandsregistrering, gjennomføringsevne og rapportering. De tildelte tilskuddsmidlene må ses i sammenheng med dette.

Fylkeskommunene har også et selvstendig ansvar for kulturminnevern. Bygninger og anlegg som er eiet av kommune eller fylkeskommune er et lokalt og regionalt offentlig

eieransvar. Riksantikvaren vil understreke viktigheten av at fylkeskommunene gir egne tilskuddsmidler til istandsetting av fredete og verneverdige bygninger.

**Valg av utførende håndverkere**

Utførende håndverkere må ha studiepoeng eller fagskolepoeng innen bygningsvern, eller minst ha tilsvarende realkompetanse. Det må stilles krav til at utførende håndverkere har gjennomført minimum tre tilsvarende prosjekter. Videre må de oppgi referanseprosjekter med kontaktinformasjon. Kommunikasjon og dokumentasjon må være på norsk.

**Aksept av tildeling**

Det vedlagte «Akseptskjema», vedlegg 1, skal returneres Riksantikvaren i utfylt stand innen 4 uker etter mottakelse av dette brevet.

**Anmodning om utbetaling**

Anmodningen skal inneholde en kort forklaring på fylkeskommunens prioriteringer. Riksantikvaren vil akseptere at 10 % av de tildelte midlene ikke er disponert på dette tidspunktet.

**Utbetalingsbrev**

Brevet vil inneholde en godkjenning av fylkeskommunens planer med eventuelle merknader og en utbetaling av hele det tildelte beløpet.»

Vi legg ved brevet frå Riksantikvaren dagsett 10. feb. 2016 saman med dei nye retningslinene.